



REFERAT

Boks 23, 4368 Varhaug
Org. no.: 970179275
T: 51 43 04 01
vil.no

Dato: 21.05.2026

Agenda: Møte i handballstyret

Møteleiar: Andreas Gudmestad

Referent: Reidunn Vasshus Reiestad

Tid: 20.00-21.45

Sted: Møterom JSA

Deltakrar: Kjetil Vesthovde, Silje
Skretting, Mari Auestad, Thomas
Ueland, Monica Mørk Aase

Fråverande: Håvard Frøyland

01/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

- Ok

02/26: Godkjenning av referat

- Ok

20/26: Evaluering avslutning barne- og ungdomshandball og opprykksfest

- Avslutninga for barne- og ungdomshandballen gjekk veldig bra. Det er eit kjapt og enkelt arrangement, og handballstyret ser det som viktig å samle heile gruppa på denne måten.
 - Det blei bestilt for mange pizza i år. Det var ca. 23 heile igjen etter arrangementet
 - Brusen var godt berekna
- Opprykksfesten var bra gjennomført



09/26: Venners vennersfest

- Kjetil og Thomas samlar ein gjeng før sommaren og tek ansvar for å planlegge denne

12/26: Status trenarar

- I 1. divisjon er det krav om at den som står som lagleiar A på kamprapporten må ha Trener 3-utdanning, eller eventuelt ha påbegynt denne. Dette er pr. i dag ikkje på plass, men det vert arbeida med ulike alternativ.
- Det manglar framleis trenarar på nokre aldersbestemte lag, og målet er at alt skal vera på plass til august.

03/26: Økonomi

- Handballgruppa ligg pr. i dag betre ann enn budsjettert
 - Det er høgare inntekter enn budsjettert, og personalkostnadane er lågare enn budsjettert.
 - Det vil bli høgare personalkostnadar frå hausten av grunna behov for Trener 3-kompetanse inn på herre A
- Styret må få ein oversikt over eigenandelar og lagsdugnader i forbindelse med turneringane som har vore denne våren.
 - Neste sesong er det viktig at eigenandelane til turneringane vert sendt ut før turneringa skal gjennomførast
- I forkant av opprykket til 1. divisjon har spelarane i troppen signert ein avtale som forpliktar dei til å dekke 40% av meirkostnadane knyta til dette gjennom inntektsbringande tiltak som kjem i tillegg til dugnadane som allereie ligg i handballen sitt årshjul.
 - Herre A må presentere ein plan for korleis dei har tenkt å gjere dette før sommaren. Andreas kallar inn aktuelle representantar frå laget til eit møte.

13/26: Overgang til Puma

- Draktbestillinga er sendt til administrasjonen, og planen er at alle lag skal få nye drakter og baggar til oppstart av neste sesong



- Det er og sterkt ynskjeleg at alle som skal representere laget frå sidelinja får utlevert nye Puma-overdeler

10/26: Eventuelt

- Den planlagte festen for trenarar, oppmenn og arrangementskomité som skulle vore i juni vert flytta til hausten grunna kollisjon med andre arrangement.
- Det er søkt om elitelisens i forbindelse med opprykket til 1. divisjon, og administrasjonen skal søke om dispensasjon frå krava som vert stilt til anlegget
 - Det gjeld mellom anna lys og publikumskapasitet
- Hovudstyret arbeider med å finne ei løysing på nytt sportsgolv i JSA
 - Dette vil ikkje vera klart til oppstart av ny sesong fordi golvet må ligge ut perioden det vert stilt krav om i forhold til utbetaling av spelemidlar. Dersom ein bytter golvet tidlegare vil ein både måtte betale tilbake midlar som er utbetalt, og ein vil heller ikkje kunne søke om nye
- Herre B har eit ynskje om å få laga utstyrspakke
 - Handballstyret er positive til dette, men spelarane/laget må dekke kosten på same måte som dame- og herre A gjer
- Herre B ønsker å arrangere oppkjøringsturnering for lag i 3. og 4. divisjon med bankett på kvelden i september
 - Thomas sjekkar med herre A om dei ynskjer å ta ansvar for denne som eit av dei inntektsbringande tiltaka dei skal ha.
- Fleire i handballstyret har potensielle interessekonfliktar knyta til B-laget i form av at dei er spelarar eller har familie der. Styret har drøfta dette, og er bevisste på problemstillinga.
 - B-laget finn ein nøytral kontaktperson i laget som melder eventuelle saker til styret for å sikre ryddig saksgang
 - Handballen sin representant frå hovudstyret er og informert om problemstillinga, og hovudstyret vil bli kontakta dersom ein får saker det kan bli utfordrande for styret å behandle.

